

OKTOBER 2014

REGULERINGSPLAN FOR MJØLFJELL OG BRANDSET SKYTE- OG ØVINGSFELT



REGULERINGSPLAN: Forsvarsbygg startar arbeidet med å sikre rammevikåra for Forsvaret sin bruk av Mjølfjell og Brandset skyte- og øvingsfelt. Miljø- og samfunnsomsyn er ein viktig del av oppgåva. Biletet er frå ei vinterøving på Mjølfjell i 2000. Foto: Thorbjørn Kjosvold, Forsvaret.

På oppdrag frå Forsvarsdepartementet skal Forsvarsbygg leie arbeidet med å sikre rammevilkår for prioriterte skyte- og øvingsfelt. Arbeidet vil skje i løpet av dei nærmaste åra for dei skytefelta som er prioriterte for modernisering og fornying.

Reguleringsplan og utsleppsløyve er dei beste verkemidla for å sikre rammevilkåra. Reguleringsplanen blir vedteke av kommunane, medan det er Miljødirektoratet som er styresmakt for utsleppsløyver.

Samarbeid med råka kommunar


I samråd med Voss og Aurland kommunar er det sett i gang prosess med utarbeiding av reguleringsplan etter vilkåra i plan- og bygningslova for Mjølfjell/Brandset skyte- og øvingsfelt. Planen blir utarbeidd som områdereguleringsplan, der interessene til Forsvaret vil vere hovudforemålet. Planen skal

elles ta vare på miljø- og samfunnsomsyn så langt dette er sameineleg med bruken til Forsvaret.

Etter innspel frå kommunane må ein i planen særleg drøfte følgjande planspørsmål:

- Villrein i Nordfjella
- Naturvernområde i feltareala i Aurland
- Sivil bruk av skytefeltareala

I tillegg kan trasèalternativ for ny E16 ha grensesnitt mot planarbeidet.



Kartutsnitt over Mjølfjell og Brandset skytefelt.

Forsvarsbygg gjer ei kartlegging av alle skytefelt når det gjeld biologisk mangfald, kulturminne og kulturlandskap, vass- og grunnforureining og støyvurderingar. Dette blir også ein del av plangrunnlaget i reguleringsarbeidet på Mjølfjell/Brandset. Eventuelle planløyningar for desse spørsmåla vil bli tekne inn i framlegget til reguleringsplan.

Eksisterande verksemd vil bli vidareført

På Mjølfjell/Brandset har verksemda til Forsvaret vore i gang over ein lang tidsperiode og er alt heimla gjennom avtalar med grunneigarar og rettshavarar. Forsvarsbygg vil kvalitetssikre gjeldande avtalar som eit ledd i arbeidet med rammevilkår.

Feltet er også bandlagt til Forsvaret i arealdelen i kommuneplanen. Ein reguleringsplan er ei ytterlegare formalisering av verksemda. Sjølv om det no blir laga ein reguleringsplan for feltet, ligg det i dag ikkje føre nokre avgjerder om at omfang eller type verksemd skal endre seg monaleg i åra som kjem.

Modernisering av banar og anlegg

For å løyse behova til Forsvaret er det planar for modernisering av somme baneanlegg. Tiltaka er framleis under planlegging, men vil truleg kome til å omfatte fornying av basisskytefelt og feltbane i Brandsetdalen, samt teknisk infrastruktur. I tillegg til å gje rammer for den ålmenne arealdisponeringa i

feltet, vil reguleringsplanen også ha vilkår og vedtak for framtidig utvikling av denne typen banar og anlegg.

Planprosess og medverknad

Forsvarsbygg oppmodar no alle som ønskjer det, om å kome med innspel i samband med oppstart av planarbeidet. Kunngjeringa av planoppstart blir gjort i lokalaviser og på heimesidene til kommunane. Forsvarsbygg utarbeider deretter framlegg til reguleringsplan.

Planframlegget blir sendt over til kommunane i løpet av 2014 for vidare handsaming, inkludert høyring og offentleg ettersyn. Der vil det på nytt bli høve til å medverke i prosessen. Forsvarsbygg tek sikte på å halde informasjonsmøte undervegs i prosessen.

Endeleg vedtak av planen skal gjerast av kommunestyra i Voss og Aurland.

Kontaktperson:

Forsvarsbygg, v/Are Vestli, telefon 992 41 748.

Postboks 405 Sentrum, 0103 OSLO | Telefon: 815 70 400 | e-post: post@forsvarsbygg.no | www.forsvarsbygg.no

Forsvarsbygg er den største offentlege egedomsaktøren i Noreg, og er forsvarssektoren sin eigen egedomsekspert. Ingen kan meir enn oss om Forsvaret sine særskilde behov. Vi byggjer og tek hand om mange av dei mest særigne og krevjande bygga i landet, vi er heim for meinige og befal, og vi skaper trivsel på tusenvis av arbeidsplassar.